



MØRE OG ROMSDAL

Det kjem
nokon etter oss
**– ta vare på
matjorda!**

Bli medlem
i dag!



ÅRSMELDING 2019

FORMÅL

Jordvern Møre og Romsdal (JMR) vart etablert 15.2.2016 som ein frittståande partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon. JMR vil gjennom handling og målretta informasjonsarbeid mot media, politikarar og opinionen sokja å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal. I dette arbeidet er det viktig å understreka jordvernets betydning som ei brei samfunnssak.

ORGANISERING

Verksemda er basert på medlemskap med tilhøyrande kontingen. Møre og Romsdal Bondelag er sekretariat. Det er no etablert sjølvstendige jordvernforeningar eller -alliansar som dekker store delar av landet. Det blir arbeida med ein overbygning for jordvernforeningane og -alliansane. Det er allereie samarbeida om ein del felles saker og oppgåver. Dette gjeld særleg nasjonale saker og felles administrative oppgåver.

ÅRSMØTET I 2019

Dette vart gjennomført på Felleskjøpet Agri i Molde 30.mars. Det var 11 frammøtte. Møtet vart leia av styreleiar Kolbjørn Gaustad.

Første del av årsmøtet vart gjennomført med foredrag av **Kristian Ormset:**

«Sunn jord gir sunne planter, sunne dyr og sunne mennesker.»

Ormset titulerer seg som «Gammeløkolog» og må reknast som ein nestor på temaet jord og bærekraftig handtering av jord. Jordvern handlar ikkje berre om å sikra areal for matproduksjon. Det handlar også om at areala vert brukt på ein måte som er bærekraftig over tid. Det er viktig å ha kunnskap om handtering av jord, livet i jorda og samspelet mellom jord og plantar. Dette er dagsaktuelt, m.a. i forhold til diskusjonen om dyrking av myr og CO²-lagring.

Årsmelding, rekneskap og budsjett vart godkjent.

Valget fekk følgjande utfall:

Leiar: Kolbjørn Gaustad (gjenvalg, 1 år).
Styremedl: Øystein Solli (gjenvalg, 2 år).
Styremedl: Atle Frantzen (gjenvalg, 2 år).
Styremedl: Eli Sæther (suppleringsvalg for Anne Katrine Jensen, 1 år).
Nestleiar: Øystein Solli (ny, 1 år).
1.vara: Leif Inge Grebstad (ny, 1 år).
2.vara: Anne Katrine Jensen (ny, 1 år).
Valgkomite: Stein Brubæk (gjenvalg, 3 år).
Vara valgk: Julie Slenes Leine (vald for 1 år i 2018).
Revisor: Guttorm Kjelsvik (gjenvalg, 1 år)

Alle valg var einstemmige.

Ikkje på valg:

Styremedl: Helge Øverås (Vald for 2 år i 2018.)
Valgkomite: Torill Vinje (Vald for 3 år i 2017.)
Valgkomite: Magnus Jonsson (Vald for 3 år i 2018.)

Kristian Ormset som æresmedlem

Som oppfølging av foredraget til Kristian Ormset og som tilbakemelding på arbeidet med å visa kva som er berekraftig og god bruk av jord, var det ønske frå årsmøtet om å få Kristian Ormset som

første æresmedlem i Jordvern Møre og Romsdal.

Til slutt takka Kolbjørn Gaustad for godt gjennomført årsmøte, ønska velkomen til eit nytt arbeidsår og gratulerte dei som vart vald inn i nye funksjonar.



Styret i Jordvern Møre og Romsdal 2019. Oppe frå venstre: Helge Øverås, Eli Sæther, Atle Frantzen. Framme frå venstre: Kolbjørn Gaustad (styreleiar), Øystein Solli.

ARBEID OG SAKER I STYRET

Det er halde 2 styremøter fram til og med 29.1.2020. Her er nokre av sakene som er behandla:

Muligheter for kommunen til å setja vilkår knytt til jordhandtering i plan- og reguleringsaker
Gunvor Fossholt Ytterstad og Tormod Meisingset frå frå Fylkesmannen orienterte.

Oppsummering etter årsmøtet

Årsmøtet vart gjennomgått og innspel vart drøfta.

Årsplan styremøter og arrangement

For å ha litt bedre struktur på arbeidet er det laga ein enkel årsplan som rettesnor for arbeidet.

Æresmedlemskap i Jordvern Møre og Romsdal

Styret har drøfta rutiner for vedtak om æresmedlemskap og ønskjer at årsmøtet, etter innstilling frå styret, kan gjera vedtak om æresmedlemskap.

Retningslinjer for valgkomiteen

Det er utarbeida framlegg til retningslinjer som grunnlag for valgkomiteen sitt arbeid.

Vegplanlegging og matjord

Med utgangspunkt i erfaringar frå Vestfold ønskjer styret å invitera Statens Vegvesen til m.a. å orientera om Planleggingshandboka og muligheter for å gjera avvik i retningslinjer/regelverk av omsyn til jordvern. Møtet er foreløpig utsett.

Oppfølgjing av arbeidet med kommuneplanar

Det er laga brev til kommunane om oppfølgjing av kommuneplanarbeidet. Det er også arbeida med å etablira kontaktar i kommunane.

Vilkår knytt til jordhandtering og etterbruk av matjord

Det blir arbeida med brev til kommunane om dette.

Jordvern Norge

Med utgangspunkt i positive tilbakemeldingar frå samlede jordvernforeiningar og -alliansar i landet vart det invitert til jordvernkonferanse og påfølgjande etablering av Jordvern Norge fredag 7.2.2020.



Eit trettitals deltakarar frå ulike organisasjonar og regionale jordvernforeiningar og -alliansar var samla i Oslo for å ta det første steget mot ein felles paraplyorganisasjon, Jordvern Norge. Det nyvalde interimstyret fekk i oppgåve å arbeida vidare med samling av jordvern- Norge fram mot det første ordinære årsmøtet, som er planlagt i november 2020. På møtet deltok Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen frå Jordvern Møre og Romsdal.

Jordvernsamling, Gjermundnes, søndag 2.6.

Dagen vart vellykka med 49 deltakarar og gode tilbakemeldingar.

Her er invitasjon/program for dagen:

JORDVERNSAMLING

Søndag 2.juni 2019

Gjermundnes vidaregåande skule, Vikebukt, Vestnes



Velkommen til Jordvernsamling på Gjermundnes ! Vi inviterer til ein dag med fokus på jordvern og bruk av landbruket sine ressursar. Alle med interesse for Gjermundnes og ressursbruk i landbruket er velkomne.

PROGRAM

11.00: Landbruksmuseet er ope til 12.00.
11.30: Kaffi og rundstykker.
12.00: Kulturinnslag: Solist Arnstein Amundsen frå Fuglset mannskor, med tonefølge av Janne Iren Holseter på flygel.
Opning ved ordførar og stortingsrepresentant Geir inge Lien, som melder frå Stortinget.
12.45: Professor Odd Magne Harstad, NMBU: «*Husdyras rolle i bærekraftig matproduksjon i Norge.*» Mulighet for spørsmål og diskusjon.
14.00: Middag.
15.00: Kulturinnslag ved Arnstein Amundsen og Janne Iren Holseter.
15.30: Professor Reidar Almås, tidlegare leiar for Ruralis: «*Jordvern og jordbruk er norske bygdars bidrag til å få verda*». Mulighet for spørsmål og diskusjon.
17.00: Avslutning og helsing frå Gjermundnes VGS v/rektor Aadne Horr.
Møteleiar: Kolbjørn Gaustad, leiar Jordvern Møre og Romsdal.

Påmelding innan torsdag 30.mai til moreogromsdal@jordvern.no eller 90 95 47 87.
Deltakaravgift: Gratis for medlemmar av Jordvern Møre og Romsdal, kr 225,- for andre.

Arrangør er Jordvern Møre og Romsdal i samarbeid med Gjermundnes VGS, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Vennelaget for landbruksmuseet, Møre og Romsdal Bonde og småbrukarlag, Møre og Romsdal Bondelag.



Her er nærmere omtale av dagen:

Jordvern angår oss alle

Den aktuelle diskusjonen om klima og bærekraftig matproduksjon er ei stadfesting av at jordvern er ei brei samfunnssak som angår oss alle. I så måte har vi alle eit ansvar for å bidra til at dyrka og dyrkbar jord ikkje blir tatt i bruk til andre formål, men blir brukt til matproduksjon på ein langsiktig god og effektiv måte.

Dette er bakteppet når det blir invitert til Jordvernsamling på Gjermundnes i Vestnes søndag 2.juni. Målgruppe for konferansen er alle som på ulike måtar er opptatt av jordvern og av at samfunnet har eit bevisst forhold til det å ta vare på dyrka og dyrkbar jord. Dette gjeld t.d. saksbehandlarar i kommunane, politikarar og planutval, bønder og andre som er opptekne av at folketalet aukar og at det difor trengst meir mat.

Programmet er ein god kombinasjon av tradisjonelle kulturinnslag og gode fagforedrag av nokre av våre fremste forskarar som har jordvern som felles tema, men med ulikt utgangspunkt for sine bidrag.



Professor Odd Magne Harstad, som kjem frå Batnfjord, har temaet «Husdyras rolle i bærekraftig matproduksjon i Norge.» Dette er eit svært aktuelt tema i klima- og matforsyningsdebatten. Harstad har i ei årrekke vore sterkt engasjert i debatten om arealbruken bør vera, inkludert korleis husdyra på best muleg måte skal brukha areala. Til dagleg er Harstad knytt til Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap.



Reidar Almås er sosiolog og professor i bygdesosiologi og regionalpolitikk. Han etablerte Norsk senter for bygdeforskning, som no heiter Ruralis. Han har særleg vore opptatt av framtida til norsk landbruk, og har markert seg som ein aktiv og engasjert samfunnsdebattant, også etter oppnådd pensjonsalder. Foredraget hans har tittelen «Jordvern og jordbruk er norske bygders bidrag til å fø verda».

Programmet blir sydd saman av kulturelle innslag. Arnstein Amundsen er solist i Fuglset mannskor, med tonefølge av Janne Iren Holseter på flygel.

Arrangør er Jordvern Møre og Romsdal i samarbeid med Gjermundnes VGS, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Vennelaget for landbruksmuseet, Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag.

Fakta om jordvern:

- Det tek over 10 000 år å skapa eit matjordlag på 25 cm.
- I Norge er kun 3% av landarealet dyrka.
- Det kan dyrkast matkorn kun på 1/3 av det dyrka arealet i Norge. Resten av det dyrka arealet kan brukast til gras eller andre meir hardføre matplantar.
- Frå gammalt av er byane etablert i nærheten av der det var muleg å dyrka jord.
- Det er ei nasjonal målsetjing at matproduksjonen skal aukast.
- Møre og Romsdal har i fleire år vore i landstoppen når det gjeld bortfall av dyrka jord til andre formål.
- Det er vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi med målsetjing om at årleg nedbygging av dyrka mark ikkje skal overstige 6000 dekar. Det er utarbeida eigen jordvernstrategi for Møre og Romsdal.
- Organisasjonen Jordvern Møre og Romsdal vart skipa vinteren 2016. Den har som målsetjing å samla brei forståing og støtte for eit sterkt jordvern i Møre og Romsdal.



Reidar Almås og Kolbjørn Gaustad på Jordvernsamlinga.

Verdens jorddag 5.desember 2019

Som ei markering av Verdens jorddag vart det denne dagen invitert til Jorddag hos NORSØK, Økoparken, Tingvoll. Ca 34 deltarar var påmeld, inkludert innleiarar, ordførarar og utviklingsutvalet i Tingvoll.

Her er invitasjon/program for dagen:



Verdens Jorddag 2019:
JORDDAG
NORSØK, Økoparken, Tingvoll
Torsdag 5. desember 2019
Påmelding innan mandag 2.desember på tlf
90 95 47 87 eller moreogromsdal@jordvern.no

jordvern.no

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL
Tunetstrandsgata 6a, 645 Molde
Innringing: Tillerkjøper Are, 1 eng
Tlf: 71 20 28 90
moreogromsdal@jordvern.no
www.jordvern.no

Møteleiar: Ingrid Waagen, Ordførar Tingvoll.

PROGRAM:

10.30: Registrering, kaffe

11.00: Opning v/Kolbjørn Gaustad, leiar Jordvern Møre og Romsdal

11.15: Utfordringar i arbeidet med jordvern
v/Landbruksdirektør Frank Madsøy og rådgjevar Tormod Meisingset, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

12.00: Jordvern i ei tid med overproduksjon, leigejord, krav til effektivitet og lønsemd i landbruket
v/rådgjevar Rose Bergslid, Møre og Romsdal Bondelag / NORSØK

12.30: Lunsj/matpause

13.30: Sunn jord gjev sunne planter, sunne dyr og sunne menneske
v/Kristian Ormset, bonde og tidlegare leiar av NORSØK

14.15: Jordvern og arealforvaltning. – Innlegg, orientering og diskusjon.
Med ordførarar på Nordmøre

15.30: Avslutning


Målgruppe: Politikarar, forvaltning og administrasjon i kommunane, bønder, grunneigarar og andre interesserte.

Arrangør: Jordvern Møre og Romsdal i samarbeid Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag.


Deltakaravgift: Gratis for medlemmar i Jordvern Møre og Romsdal. Ordinær deltaravgift kr 225, inkl servering.



Frå Jorddagen på Tingvoll 5.12.2019:



Landbruksdirektør Frank Madsøy.



Rådgjevar Tormod Meisingset, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.



Kristian Ormset, bonde og tidlegare leiar av NORSØK. Ormset er første æresmedlem i Jordvern Møre og Romsdal.

BREV, UTTALELSAR, DELTAKING

I løpet av året er det send ei rekke brev, gitt uttale i ulike saker og deltatt på ulike møter og arrangement:

Møter, arrangement, m.v.:

- Landbruksmøte om samfunnssdelen av kommuneplan Fræna, februar 2020: Kolbjørn Gaustad.
- Stand landbrukskonferanse, Ørsta 8.2.2019: Even Øverbø, Leif Inge Grebstad.
- Foredrag om Jordboka v/Dag Jørund Lønning, Molde Hagelag 20.2.2019: Atle Frantzen.
- Lanseringsseminar Jordboka II, Bryne 15.-16.3.2019: Atle Frantzen.
- Bondekafe m/tema jordvern, Giske Bondelag 6.4.2019: Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen.
- Befaring hos Ragnar Aarflot, Volda 8.4.2019: Kolbjørn Gaustad, Even Øverbø, Atle Frantzen.
- Dialogmøte om jordvernsaker, Aasentunet, Ørsta 8.4.2019: Ca 10 deltagarar inkl Kolbjørn Gaustad og Atle Frantzen.
- Foredrag om Jordboka II v/Dag Jørund Lønning, Aasentunet, Ørsta 8.4.2019: Innleiing v/Kolbjørn Gaustad.
- Fagdag om særlovene i landbruket v/fylkesmannen i MR, Molde 6.11.2019: Kolbjørn Gaustad/Atle Frantzen.
- Stand landbrukskonferanse Ørsta 5.2.2020: Even Øverbø, Leif Inge Grebstad.
- Møteserie på skype om verkemidlar i arealplanprosesser, vinter/vår 2020: Atle Frantzen.

Brev, høyringsuttalar, m.v.:

- Brev til Volda kommune om reguleringsplan for hyttefelt i Austefjorden, 14.1.2019.
- «Jordvernet må styrkast!», lesarinnlegg i Nationen m.v., Kolbjørn Gaustad, 16.1.2019.
- Brev til Ørsta kommune om jordvern og E39 Hovden – Osborg og andre samferdselsprosjekt, 31.1.2019.
- Uttale til Haram kommune - kommuneplanen sin arealdel, 18.2.2019.
- Uttale til Gjemnes kommune - kommuneplanen sin arealdel, 15.5.2019.
- Uttale til Volda kommune - kommuneplanen sin arealdel, 5.9.2019.
- Høyringsuttale til Ålesund kommune - planprogram – Klima-, areal- og transportplan for Ålesundsregionen, 30.9.2019.
- Uttale til Eide kommune – reguleringsplan Gaustad gravstad, 29.10.2019.
- Innspel til Haram kommune – arealdel kommuneplan, 2. offentlege ettersyn, 6.11.2019.
- «Positiv utvikling for jordvern», lesarinnlegg Nationen m.v., Kolbjørn Gaustad/Atle Frantzen, 7.11.2019.
- Merknader Ørsta kommune - framlegg til detaljregulering for Område B9, Ose, 3.1.2020.
- Uttale til Ulstein kommune om utbygging av gravstad, januar 2020.

MEDLEMSKAP, MEDLEMSVERVING, UTADRETTA KONTAKT

Betalande medlemar

Pr dato	Antal medlemar
31.12.2017	40
31.12.2018	55
31.12.2019	84

Medlemsverving

Einaste faste inntektskjelda for Jordvern Møre og Romsdal er medlemskontingeneten. Lav kontingent og få medlemar gir pr i dag lite grunnlag for å utvikla aktiviteten, sjølv om mange oppgåver ventar. Det er difor viktig å prioritera medlemsverving og administrative oppgåver som etter kvart kan gjera drifta lettare. Med støtte frå Landbruksseksjonen i Møre og Romsdal er det gitt midlar m.a. til å dekka kostnader med medlemsregistrering, verving og utvikling av det administrative arbeidet.

Utadretta kontakt:

Det er etablert eigen e-post: moreogromsdal@jordvern.no som blir lest av leiar og sekretær.

Det blir drifta eigne heimesider under www.jordvern.no, med eigne region/fylkessider. Dette blir gjort felles for jordvernforeningane. Heimesidene har fått teknisk fornying, men ventar på å få eit betre innhald.

Det er etablert ei eiga facebookgruppe «Jordvernforeningen Møre og Romsdal». Gruppa er offentleg, det må søkjast om å bli medlem i gruppa, som ikkje er knytta til medlemskap. Den har ca 100 medlemar. Gruppa har hatt ca 53 innlegg i 2019.

Positiv utvikling for jordvern

Møre og Romsdal fylke har vore mellom verstingane når det gjeld å toppe resultatlista over omdisponert dyrka og dyrkbar jord her i fylket.

Det kan sjå ut som om vedtak i fylkestingeti i Møre og Romsdal om eit tak på 200 dekar årlig, samsvarar godt, med forventa reduserte kommunale dispensasjonar. Tala for 2018 viser at jordvernmalet er nådd, med nedbygging av 183 dekar dyrka mark. Det er ein betydeleg reduksjon frå året før då ein hadde omdisponert nærmare 600 dekar i Møre og Romsdal og slik toppa lista.

Det er kommunane i Møre og Romsdal som har deleget mynde til å dispensere frå loverket, som vernar dyrkjorda mot nedbygging. Plan- og bygningslova krev at kommuneplanane skal rullerast kvart fjerde år. Det betyr at dei nyvalde kommunestyra no står framfor ei slik lovpålagt rulling.

Den prosessen inneber også at arealdelen skal rullerast og då kan ein i rullinga gjere om dei planar som er uheldige og der plana gjev have til å hygge på dyrka jord. Det vil slik verte avgjerande for framtida korleis kommunane forvaltar jordvernet gjennom sitt delegerte dispensasjonsmynde på vegner av departementet.

Fylkesmannen hadde innstilt Sunndal kommune til vårt fylkes kandidat til Landbruksdepartementets nasjonale Jordvernpris. Opprettninga av ein jordvernpris er eit tiltak for å styrke jordvernnet. Den nasjonale jordvernprisen gjekk til ein annan kommune utanfor vårt fylke, men det er grunn til å merke seg dei lokale resultata som er oppnådd i Sunndal.

Dei siste 14 åra er det gjeve dispensasjon for omdisponering av i alt 39 dekar. 2010 var toppa med 26 dekar som det dårlegaste jordvernåret. Medan dei øvrige åra er frå 1–3 med 0 og dei andre åra frå 1–3 dekar årlig. Sunndal kan slik tene til eit foredome på sin vellykka jordvernpolitikk.

Det er difor viktig at det trykket Fylkesmannen har på jordvern held fram slik det er planar om med besøk og gjennomgang av jordvernet i den einskilde kommunen.

Samferdsle er eit anna

satsingsområde for jordvern

framover. Vi er kjent med at

den eine vegtraseen etter den

andre blir lagt utan turvande

omsyn til jordvern. Dette må

takast opp med vegmyndig-

heitene slik at ein får ein langt

meir restriktiv jordvern i

vegplanlegginga.

Inntrykket til denne tid

er at nedbygginga av dyrka-

jord kjem fram først når eit

måler ut grunnoppgjerdet,

når vegbygginga er ferdig.

Slik kan ein ikkje ha det i

framtida. Jordvernnet må inn

i manualar og retningslinjer

frå planstart.

For å redusere skadeverk-

nadane av nedbygging av

dyrka jord, er at ein tek vare

på matjorda og flytter den til

ein annan stad. Slik flytting

må gjerast betre enn på den

måten ein gjer dette i dag.

Det vil slik verte sett krav til

fagleg kompetanse og sertifi-

sering for firma som ønskjer å

ta på seg så krevjande arbeid

som matjordflytting er i prak-

sis, om resultatet for framti-

dig matproduksjon, skal bli

slik ein ønskjer.

Kolbjørn Gaustad

Leiar for Jordvern Møre og Romsdal

Atle Frantzen

Sekretær i Jordvern

Møre og Romsdal

Jordvern Møre og Romsdal
Resultatregnskap

	2019	2018
Driftsinntekter		
Tilskudd		70 200,00
Kontingent	18 975,00	12 875,00
Arrangement	225,00	3 150,00
Renteinntekter	169,00	114,00
Sum driftsinntekter	19 369,00	86 339,00
Driftskostnader		
Gebyr	134,84	71,39
Reisegodtgjørelse	20 228,00	1 022,00
Arrangement	51 162,10	11 450,00
IT/ hjemmeside	30 596,25	700,00
Diverse	200,00	0,00
Styremøte	315,00	733,79
Sum driftskostnader	102 636,19	13 977,18
ÅRSRESULTAT	-83 267,19	72 361,82

Balanse pr. 31.12.2019

	2019	2018
Eiendeler		
Bank	34 063,83	115 456,02
Til gode medlemmer	225,00	0,00
Sum eiendeler	34 288,83	115 456,02
Egenkapital og gjeld		
Egenkapital	25 438,83	108 706,02
Leverandørgjeld	8 850,00	6 750,00
Sum egenkapital og gjeld	34 288,83	115 456,02

*Resident og godkjent
Molde 20.3.2020
Guttorm Hjelseth*



Atle Frantzen er sammen med Kolbjørn Gaustad.

Administrator · 9. april 2019 ·

...

I går hadde vi en god jordverndag i Ørsta og Volda. Først var vi hos Ragnar Aarflot jr og fikk orientering om utfordringene med hvordan matjord i blir truet der det drives bynært landbruk. Deretter hadde vi åpent dialogmøte der vi fikk innspill og orienteringer om aktuelle jordvernsaker i Ørsta og Volda. Dagen ble avsluttet med foredrag med Dag Jørund Lønning i Aasen-tunet. Vi fikk høre et høyst engasjerende foredrag der hovedtemaet har vært at vi har alle et ansvar for at matjord blir brukt på en bærekraftig måte. Kolbjørn Gaustad fra Jordvern Møre og Romsdal orienterte innledningsvis om jordvernarbeidet her i fylket.



FB 9.4.2019

jordvern.no

MØRE OG ROMSDAL

Fannestrandsvegen 63, 6415 Molde

Inngang: Felleskjøpet Agri, 3. etg.

Tlf 71 20 28 90, 909 54 787

moreogromsdal@jordvern.no

www.jordvern.no